

Miljøhandlingsplan 2025-2026 for Slåttebakkane barnehage



Periodens tema

Vatn

Skildring av temaet

I følgje Rammeplanen skal barnehagen gi barna kjennskap til naturen. Barna skal lære av naturen og utvikla respekt og forståing for korleis dei kan ta vare på naturen. Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen med å bruke den som arena for lek, undring, utforsking og læring.

Vatn er verdens viktigaste ressurs. FNs berekraftsmål nr. 6 forpliktar verdens land til å sikre at alle har tilgang til reint drikkevatt innan 2030. «Verdens vanndag» er en moglegheit til å lære barna om problemstillingar knyttet til rent vann. Kvart år er nytt tema for årets vatn. Der har ikkje vert publisert.

Vi ønsker at barna i barnehagen gjennom dette prosjektet skal få auka kunnskap om vatn, kva eigenskapar det har, kor viktig det er for alt liv på kloden.

Avdelinga i barnehage har ulike aldersgrupper og vil derfor jobbe ut frå barnas føresetnadar, initiativ og interesser. Vi vil hente inspirasjon til prosjektarbeida på nettsida vannkunnskap.no.

Det vi vil ha hovud søkelys på er:

- vatnets eigenskapar
- menneskje og vatn
- snø og is om vinteren
- planter og vatn
- livet i vatnet/ dammen/ bekken
- forskning med vatn.

Tidlegare miljøprosjekt

2021-2022 - Avfall, kjeldesortering og kompostering (ikkje levert søknad)

2022-2023 – Avfall, kjeldesortering og kompostering, første sertifisering des. 2023

2023-2024 - Biologisk mangfald og gjenbruk, sertifisert des.2024

2024-2025 – Natur og biologisk mangfald

Vi har mykje kunnskap og erfaring frå tidlegare prosjekt som vi sjølv sagt fører vidare. Gjenbruk vil og vere ein viktig del av kvardagen, saman med redusert plastbruk.

Vi har lenge hatt fokus på matsvinn og i fjor blei det registrert kor mykje vi kastar av mat i matavfallet. Dette var registrert over 2 veker.

Vi innser no at vi har hatt feil fokus i dette prosjektet, med å måle alt matavfall. Matsvinn og matavfall er to ulike begrip. Matavfall er alt du kastar i matavfallsdunken, mens matsvinn er definert slik:

- matprodukt som har gått ut på dato, og ikkje blir brukte
- spiselege matpakker, lunsj eller middags rester som blir kasta
- spiselege deler av maten som eller kunne vært nytta, slik som stilken på en brokkoli

Vidare planar

Når vi har fullført årets tema er planen å rullere på tema, slik at vi alle barn skal oppleve dei ulike tema minst ein gong mens dei går i Slåttebakkane barnehage.

- Avfall og kjeldesortering
- Natur og biologisk mangfald
- Vatn

Vi skal vidareføre det vi har jobba med tidlegare og prøve å bli endå betre.

Kjeldesortering – skal vidareførast og den er blitt en del av kvardagen vår.

Matsvinn – Vi fortsette med det og prøver å unngå å kaste mat.

Gjenbruk – skal vidareførast både ut frå miljøperspektivet og av økonomiske årsaker.

Biologisk mangfald – skal vidareførast. Med å bruke «Naturopdraget» og «La humla suse» har vi fleire konkrete oppgåver å jobbe med i tillegg til nye prosjekt om vatn.

Kjøkkenhagen blei dessverre ikkje brukt i sommar. Vi hadde eit angrep av brunsniglar, noko som vi verken hadde tid eller ressursar til å kjempe mot.

Forhåpentlegvis vil kjøkkenhagen bli tatt i bruk neste vår. Men då er vi avhengig av hjelp frå føresette.

Organisering av prosjektet

Det er etablert eit miljøråd som består av følgjande personar:

- Einingsleiar
- Personalgruppa (2)
- Barna i eldste årskull i barnehagen (8 barn)

Mål og delmål

Overordna mål er at barna skal få en grunnleggjande forståing av en berekraftig utvikling og kva det har å bety for livet på kloden. At barna får eit godt forhold til og en forståing for naturen, og samspelet mellom naturen og menneske.

å auke bevisstheta om dyre- og plantelivet i barnehagens nærmiljø, bidra til undring og skape læring om kvifor det er viktig å ta vare på naturen rundt seg.

Delmåla for prosjektet er:

- Vi vil at barna skal utvikle grunnleggjande kunnskap om miljøet, som plantar, dyr, fuglar og vatn og det som skjer dersom vi ikkje tar vare på kloden vår.
- Saman med barna skal vi utforske og studere forskjellige insekt, plantar, dyr og fuglar og undre oss undre over dei ulike roller dyra har i naturen.
- Barna skal bli kjent med dyr vi har i nærmiljøet (insekt og fuglar).
- Saman med barna skal vi utforske og undre oss over korleis vi kan redusere søppel, både i form av mat og forbruksvarer (matsvinn og gjenbruk).
- Saman med barna skal vi undre oss over alt som angår vatn og miljø, vatnets eigenskapar og utfordringar.

Evaluering

Vi har halvårsevaluering to gongar i året der vi evaluerer kvart enkelt tema i årshjulet i tillegg til «grønt flagg» prosjektet. Evalueringa skjer på planleggingsdag i januar og juni og er avdelingsvis. Vi bruker å dele i plenum, det vi har blitt einige om. Det er viktig, for at alle kan få eit felles bilete og oppfatning av korleis vi jobbar i barnehagen og dei utfordringane vi møter i kvardagen.

Finansiering/ressursar

Det er satt av timar til å leie og drive prosjektet. Alle utgifter er dekkja av barnehagen sitt budsjett.

Miljø-handlingsplan

Beskrivelse	tidspunkt	Deltakar	Ansvarleg	Kommentarar	Evaluering
Planlegging av «Grønt flagg» tema for barnehageåret 2025-2026	August-september	Faggruppa og miljørådet	Styrar	Leiargruppa bestemmer tema. Andre tilsette får informasjon i referat frå møtet	På planleggingsdag i januar
Informasjon om nytt tema til føresette og tilsette	September-oktober		Styrar	Føresette får informasjon i SU møte. Foreldra får informasjon på heimesida	På planleggingsdag i januar
Temastart - Vatn	oktober	Alle	Pedagogiske leiarar	Pedagogiske leiarar har ansvar for å dra tema inn i månadsplanar	På planleggingsdag i januar
Miljøgjennomgang	oktober	Alle	Miljøråd og styrar	Tilsett på stor avd. har ansvar for gjennomføring på avd. Styrar har ansvar i personalgruppa	På planleggingsdag i januar
Matsvinn	Veke 42-43 og veke 14-15	Alle	Miljøråd	Ein frå miljørådet har ansvar for å minne på og gjennomføre. Vi gjentar «suksessen» i veke	På planleggingsdag i januar og juni
«Naturopdraget» og «Vannsekken»	Heile året	Alle	Pedagogiske leiarar har ansvar for å legge aktivitetane i månadsplanane	Alle har eit felles ansvar for gjennom-føring av aktivitetane	På planleggingsdag i januar og juni
Turdagar: Gå i nærmiljøet, plukke søppel og/eller se etter insekt og småkryp	Heile året	Alle		Hugs å ta med pose til søppel. Dokumentere med å ta bilde av søppelet	På planleggingsdag i januar og juni
Lage julegåver av naturmateriell/ gjenbruk	november	Alle	Pedagogiske leiarar		På planleggingsdag i januar og juni
Møte i miljørådet, evaluering av halvårets miljøarbeid	November og mai	Miljørådet	Einingsleiar	Drøfte i rådet korleis dei opplever at det har gått så langt og ev. oppsett av evalueringsskjema	På planleggingsdag i januar og juni

Lage fuglemat	Vinter	Alle	Pedagogiske leiarar		På planleggingsdag i januar og juni
Så humlevennlege planter	vår	Alle	Pedagogiske leiarar	Plantene må vere giftfrie dersom dei blir sådd/planta i barnehageområdet	På planleggingsdag i juni
«La humla suse», sjå film om humleåret https://youtu.be/mC2ywJwMBqs Vi undrar oss over og utforskar Humla Lage insekthotell	April - mai	Alle	Pedagogiske leiarar	Kvar avdeling utfører oppgåve ut i frå barna sin alder og utviklingsnivå	Planleggingsdag i juni
Sjå på musikkvideo med Planetpatruljen (NRK super)	Våren	3-6 åringane	Pedagogiske leiarar	Det finnes mange ulike musikkvideoar	Planleggingsdag i juni
#Grønnsuperdag 5. juni Årets aktivitet er: « Ut å telle insekt »	Mai - juni	Alle	Pedagogiske leiarar	Kvar avdeling utfører oppgåve ut i frå barna sin alder og utviklingsnivå	Planleggingsdag i juni
Nytt tema til neste barnehageår fastsett	Mai	Mijørådet	Gudbjørg		

Aktivitetar i årshjulet - som en del av miljøarbeidet i barnehagen

Når	Tema	Aktivitet	Deltaking	Ansvarleg	Evaluering
oktober	Tema: «Nærmiljø og trafikk»	- Bli kjent med nærmiljø - Trafikk sikkerheit	Alle	Pedagogiske leiarar	På planleggingsdag i januar
november	Tema: Forut barneaksjonen – «Sanjana og havet» FNs Barnedag 20. november	- Barna får kjennskap til barn frå Sri Lanka, hennar kvardag og det fantastiske havet - Forut innsamling	Alle	Pedagogiske leiarar	På planleggingsdag i januar
desember	Tema: «Jul og førjulstradisjonar»	Bruke gjenbruksmateriell til å lage julegåver og til div. formingsaktiviteter	Alle	Pedagogiske leiarar	På planleggingsdag i januar
januar	Tema: «Barnelitteratur»	Kvar avdeling vel seg ein bok dei skal jobbe med den månaden.	Alle	Pedagogiske leiarar	På planleggingsdag i juni
februar	Tema: «Kulturelt mangfald»	- Markering av Samenes nasjonaldag - Nært forhold til natur og naturressursar - Dyr – reinsdyr - Mattradisjonar t.d. bake bidos og smake samisk mat.	Alle	Pedagogiske leiarar	På planleggingsdag i juni
mars	Tema: Avslutning av bokprosjekt/barnelitteratur» Karneval!	- Barna lagar eigen kostymer. - Ha fokus på gjenbruk, barna tar med kostyme dei allereie eig. Unngå å kjøpe nytt!	Alle	Pedagogiske leiarar	På planleggingsdag i juni

april	Tema: «Påske og vår»	• Sjå på vårteikn • Så spiselige planter / karse /urter /grønsaker • Så humlevennlege blomster (lage ev. frø ball)	Alle		På planleggingsdag i juni
mai og juni	Tema i mai og juni «Natur og miljø» med fokus på Barnekonvensjonen	Innspel til aktivitetar: • Førebu kjøkkenhagen til sommaren og til å ta i mot nye vekstar • Sette poteter • Hauste tidlege vekstar t.d. rabarbra • Stelle plantene • Lage papir • Insekthotell • Viktig at barna deltek aktivt og føler at dei har ansvar for plantene • Undre oss over diverse dyrearter vi har i nærmiljøet	Alle har eit felles ansvar for kjøkkenhagen		På planleggingsdag i juni